

Oljeunge



Norsk Oljemuseum
ÅRBOK 2016





Opplevingar av Stavanger si nære historie:

Dag, Inger, Ellinor og Sjur fortel

AV MERETE JONVIK

Etter å ha gjennomført ein intervjustudie til eit forskingsprosjekt om sosiale, økonomiske og kulturelle endringar i Stavanger og omegn dei siste 50 åra, var eit av dei første inntrykka eg sat att med kor forskjellige utsegn om same tema og hendingar intervjuar inneheld.¹ Intervjua dreier seg om syn på endringar i eige liv og i Stavanger si historie dei siste tiåra, knytt til tema som velstandsvekst, byen sin status som oljeby, oljenæringa, den religiøse historia i regionen, Stavanger som kulturby m.m. Dei som har lete seg intervjuar er alle fødd og/eller oppvaksne i Stavanger og omegn, men dei er spreidd mellom to alderskohort. Den eine alderskohorten er fødd mellom 1945-50 og den andre mellom 1975-80: frå det ein gjerne kallar etterkrigsgenerasjonen og det vi i Stavanger kan kalla oljeborna. Dei har elles ulikt utdanningsnivå, inntektsnivå, dei har forskjellige

yrkesposisjonar og arbeidslivshistorier og dei er både kvinner og menn. Spreiinga i alder, kjønn og klasse indikerer spreining i erfaringar, og det er sjølvsagt her mykje av forklaringa ligg for dei store sprika i oppfatningar.

Nokre av dei som har lete seg intervjuar omtalar olja som flaks, andre vektlegg hardt og klokt arbeid. Nokre takkar oljenæringa for eige velstandsnivå, andre fokuserer på at næringa øydelegg kloden. Nokre får ikkje fullrost tidlegare ordførar Arne Rettedal sine bidrag til Stavanger si utvikling nok, andre legg vekt på den kollektive arbeidsinnsatsen, eller har ikkje Rettedal som ein del av sitt medvit i det heile. Nokre har kjend den religiøse orienteringa i regionen som tyngande, andre tenkjer ikkje på Stavanger og omegn som noko meir religiøs eller pietistisk enn andre regionar. Utsegn om Stavanger 2008,

året då Stavanger var europeisk kulturhovudstad dekkjer ytterpunkt: «Kulturbyåret sat Stavanger verkeleg på kartet», «det var eit fantastisk år der det skjedde mykje», «det var for nokre andre enn meg det året der», «det vert løfta fram som unikt, det er ikkje unikt i det heile». Det treng ikkje vera motsetnadar mellom desse utsegna, og sanninga ligg sannsynleg ein plass i midten, men poenget i denne samanheng er at folk sine *oppfatningar* av desse forholda er forskjellige.

Med sosiologiske briller kan sprik i oppfatningar forklarast gjennom kva sosial avstand og nærleik folk har til ulike fenomen og nettverk, både i tid og rom. Avstanden og nærleiken påverkar erfaringar. Nærleik i tid og rom til oljeverksemda, nærleik til fattigdom, avstand til politiske myndigheiter, avstand til kunstfeltet, nærleik til kyrkja osv. Jo lenger avstand ein har til ulike sosiale fenomen, jo meir sannsynleg er det at ein ikkje har brei forståing om desse fenomena, ei heller har dei som sentrale delar av sine mentale kart. I tillegg utviklar kvar og ein seg og endrar oppfatningar gjennom årenes løp, og kan koma i opposisjon til fenomen ein står i tett nærleik til. Sistnemnde kjem tydeleg fram i Aslak Sira Myhre sin tekst *Herskap og tjener²*, og spesielt i kapittelet *Oljeunge*, som viser korleis geografisk flytting, utdanning, aldring, endringar i sosiale nettverk, det å tre inn i foreldrerolla osv. formar samfunnsoppfatninga hans til ein kvar tid. Myhre viser i si forteljing korleis han til ulike tider og på ulike stader har varierende nærleik og distanse til

oljenæringa, miljøørsla, far sin, byen han veks opp i osv., og korleis dette er med på å forma oppfatningane hans. Spørsmål som: Kva jobbar og utdanningsnivå fins i eins nære omkrins? Kor nært lev ein fattigdom og sosial naud? Kva kjenneteiknar den historiske tida då ein hadde sine formande år? er difor relevante sosiologiske spørsmål i jakta på å forstå opplevingar og oppfatningar.

Kva nærleik og avstand ein har til ulike fenomen og nettverk er igjen forma av eins strukturelle posisjon (alder, sosial posisjon, utdanning, kjønn) og av historiske strukturelle forhold ved konteksten og landet ein er i.³

Spørsmålet eg forfølgjer i denne teksten er: korleis ser perioden vi kan kalla oljetida ut for to forskjellige generasjonar? Eg skal presentera den nemnde intervjustudien, med spesielt fokus på opplevingar av velstandsvekst. Eg skal fortelja om fire av i alt 39 personar som er intervjuar i studien. Desse er faktiske, men anonymiserte personar. Dei er anonymisert på den måten at dei, og personane rundt dei, kan vera gitt andre, men liknande yrke, bustadar, familiesituasjonar o.l. Alle namna er fiktive.

Under følgjer presentasjon av Dag og Inger frå etterkrigsgenerasjonen og Ellinor og Sjur frå oljeborngenerasjonen. Desse har hatt sine formande år i ulike historiske tider og har ulike strukturelle posisjonar (alder, klasse, kjønn).

«Ti øre i timen»,
til minne om
de kvinnelige
hermetikkarbeiderne
i Stavanger. Laget av
Hugo Frank Wathne.
Foto: Kristin Øye
Gjerde



Saman er dette med og viser deira forskjellige erfaringar med og oppfatningar av fenomen som velstand, fattigdom, arbeidsliv, daglegliv og forbruk. Historiene deira, sjølv om dei her vert framstilt i komprimert form, viser fire sosiale inngangar til Stavanger si nære historie. Personane har levd og lever sine liv i same by i ei tid prega av velstandsvekst og ei etter kvart sterkt nærværande oljenæring, men opplever både tida og byen forskjellig.

Dag

Dag vaks opp i den sentrumsnære bydelen Våland i Stavanger. Han er fødd i 1945 og gikk på folkeskulen i 1950-åra. Mor til Dag var sjukepleiar og far kontorsjef. Dei var tre søsken og budde i ein einebustad. I Dag si tidlege ungdomstid, ved inngangen til 1960-åra, var Stavanger framleis rekna som «hermetikkbyen», sjølv om næringa opplevde nedgangstider.⁴ I 1963 var det framleis 38 hermetikkfabrikkar i drift i

Stavanger. I 1963 var Dag blitt 18 år, og gikk på gymnasen. Han fortel at han vaks opp i ein heim med «sterkt fokus på dette å tileigna seg kunnskap og vera flink på skolen og (vi) hadde ein del sånne dimensjonar som gikk framfor andre ting». Han ser dette som ei av forklaringane på kvifor han sjølv valde å ta høgare utdanning. Han utdanna seg etter kvart til sivilingeniør. Mange blant etterkrigsgenerasjonen som reiste ut av byen for å studera, fortel at når dei returnerte frå studiane, var Stavanger blitt ein oljeby. Dag derimot var tidleg nok til å få med seg starten på utviklinga, han entra arbeidslivet i Stavanger, som ferdigutdanna sivilingeniør, i desember 1969. Same månad vart det første drivverdige funnet funnen i Nordsjøen.

I perioden etter dette opplevde Stavanger kommune og by jamn vekst på mange område. Befolkningstalet gikk frå 78.000 i 1965 til 90.000 i 1980, kommunen sine skatteinntekter relatert til den nye oljeverksemda auka vesentleg i same periode. Årleg tilvekst av bustader – eit anna vekstteikn – toppa seg med fleire enn 1.000 per år i 1972, 74 og 75.⁵ Såpass markante var veksttendensane at det frå sentralt hald vart oppfatta som problematisk, tydeleggjort gjennom lov om etableringsstopp for nye oljeverksemdar i Stavanger vedteke i 1976. I

denne vekstperioden for byen arbeidde Dag på innsida av oljenæringa, ei tid han omtalar som enormt kjekk og interessant; «Vi fekk oppleve ei fantastisk tid, fordi at bedrifta var såpass ung at dei hadde ikkje anna å gjera enn gi oss tillit og mandat». Han fortel om at dei fekk bryna seg på kompliserte teknologiske oppgåver, og nyttar ord som handlekraft og fortgang. Etter nokre år i arbeidslivet stifta Dag familie, og han og kona Elisabeth, sette tre born til verda på slutten av 1970-talet. Då var både han og kona aktive i arbeidslivet. I same periode bygde dei hus og Dag refererer til denne tida som ei trong tid med behov for klåre prioriteringar for økonomisk å makta både hus og bil; «det var *veldig* få preferansar som gikk i retning av å bruka pengar på noko unødvendig utover hus og heim altså. Det var nesten litt syndig. Altså som fornuftige familieforeldre så gjorde vi ikkje det».

Om vi så gjer eit tidshopp fram til i dag, så har Dag gått ut att av arbeidslivet, han er pensjonist, og borna er vaksne. Eit langt og suksessrikt arbeidsliv, samt ei god pensjonspakke, gjer til at han sit økonomisk godt i det i dag. Borna hans, som gikk på Våland barneskule på 1980-talet, og sikkert ikkje registrerte foreldra sine restriksjonar når det gjaldt unødvendig pengebruk utover hus og familie, bur i dag med sine familiar i inn- og



utland. To av dei bur i Stavanger. Alle tre har høgare utdanning, dei har stifta familiar og fått born, og arbeider alle på leiarnivå i ulike føretak.

Slik vert dette ein familie i fire ledd, sett og fortalt gjennom Dag. Desse fire generasjonsledda har levd og lever sine liv i Stavanger i ein tidsperiode kjenneteikna av raske sosiale endringar.

Forteljinga hans er ei framstilling av fortida med notidas blikk. Familien til Dag er å finna på velstandssida av velstandsutviklinga, og Dag representerer dei økonomiske vinnarane i byen. Han flytta tilbake til heimbyen sin i 1969 med det som skulle visa seg å vera ei skreddarsydd utdanning for deltaking i utviklinga av den nye oljenæringa.

Fleire sentrale *brot*, forstått som forteljingar om markante endringar eller oppleving av store forskjellar som markerer radikale endringar, skrid fram i intervjuet med Dag. Eit av dei er eit religiøst brot vis-a-vis foreldra hans. Dag seier sjølv han er oppvaksen i eit «strengt kristent miljø», og det han kallar «tyngre dimensjonar frå bedehusmiljøa» påverka barndom og ungdom, m.a. når det gjaldt tankar om rett og galt, do's and don't's. Som mange i hans generasjon – når han kikkar bakover med notidas briller – poengterer han med forbausing at øl og dans var synd, og at relasjonar til kvinner var kunstig og trykkande. Ei demping av desse forholda og verdiane har vore ein sentral del av oppsedinga av hans eigne born, fortel han.

Sjølv om Dag ikkje ser på seg sjølv som ein stor kulturkonsument legg han stor tyngd på kulturelle endringar byen og innbyggjarane har vore gjennom, og effektane av desse. Då han flytta tilbake til byen mot slutten av 1960-åra kunne han telja utestadane i byen på ei hand. I 2010 var det derimot ca. 140 restaurantar. Dag fortel at han gjekk på dans i smug for far sin. Rett nok er ikkje Dag den første til å skjula aktivitetar for foreldra sine i ungdomstida, men slik Dag fortel om tida får ein inntrykk av at heile byen hadde rolla som den strenge forelderen på 1960-talet. Kulturell livsførsel representerer slik eit sentralt skilje mellom Dag og foreldra hans.

Ikkje like mange brot kjem fram når Dag fortel om borna sine, ei heller når den yngste generasjonen fortel om endringar i sine liv og i Stavanger si historie til samanlikning med etterkrigsgenerasjonen. Det handlar openbart om at dei yngste har mindre «levd liv» å skildra enn Dag og den eldste generasjonen, dei er 30 år yngre, og det kan òg ha noko å gjera med at endringar på avstand – som er både gjennomtenkt, debattert og portrettert fleire gonger, og slik i større grad blitt del av ei felles fortolking – kan stå fram på andre måtar enn endringar nær det notidige. Men – og høgst sannsynleg – handlar det òg om at det reint faktisk er færre brot og markante endringar (i tida) mellom dei to generasjonane som er intervjuja.



Pedersgaten i Stavanger.
Foto: Kristin Øye Gjerde

Inger

Personar som ikkje har nytt like godt av velstandsauka, har andre opplevingar av utviklinga. Inger er fødd i 1947, er enke og har to vaksne søner. Ho er oppvaksen i Stavanger sentrum, og hadde ei mor som var frisør og ein far som arbeidde på fabrikk. Bestefar hennar hadde ein butikk i sentrum av Stavanger, men mista denne på eit tidspunkt. Sjølv har Inger vore reinhaldar i over 35 år. Den eine sonen hennar er sosionom og den andre er for tida arbeidsledig. Ein av dei har gitt Inger to barneborn. Inger bur aleine i ei sjølveigd leilegheit i Kvernevik. Ho seier ho er glad for at ho har eit ekstra soverom i leilegheita, for det gir ho plass til å ha barnebarna på overnatting.

Når ho snakkar om velstandsveksten i regionen og om sin familie sin plass i eit sosioøkonomisk hierarki, snakkar ikkje Inger isolert om sin eigen notidige posisjon i samfunnet, men snakkar om kva opp- og nedturar familien har vore gjennom, og ho legg vekt på at kvar generasjon har fått det litt betre enn den førre. Etterkomarane hennar har det materielt sett betre enn ho har hatt og har, og dette finn Inger glede i. Sjølv om dei i hennar familie har hatt vanskelege utgangspunkt og strevd økonomisk, så har dei kome ut på rett side, ytrar Inger. «Men om dei er så mykje meir lukkelege fordi dei har så mykje ting, eg trur ikkje det, eg trur ikkje det skal målast i ting».

Inger uttrykker både takksemd overfor og noko kritikk mot velstandsauken som har treft Stavanger-regionen. Ho anerkjenner at noko har drypt på hennar eigen familie, men ho ser at det er mange som har hatt langt større utbytte av velstandsveksten enn ho. På spørsmål om kven som har nytte godt av velstandsutviklinga i regionen, seier Inger:

Det må jo vera desse her toppane i oljeselskapa og sånne bedrifter som er i relasjon til det, sant. Som leverer noko til oljeindustrien, alt dette her som har dukka opp. Så er der jo mykje, for du ser jo bøndene, dei har jo ikkje ... like mykje (...) lærarane dei har jo kava og slitt. Dei er jo ikkje noko sånn høgt på strå. Og før var jo det eit veldig flott yrke (...) Lærarane og presten og sånn. No er det jo dei som er i olja som... så blir det litt gjerne skeivt, akkurat det. For alle kan jo ikkje følgja med.

Inger peiker på at personar med oljerelaterte yrkesposisjonar har vore og er vinnarane i dagens økonomiske system, og nemner endringar i yrkesstrukturen som m.a. inneber eit kraftig statusfall for læraryrket. Sjølv har ho ein tydeleg arbeidarklasseidentitet, og kunne i så måte tenkjast å uttala seg endå meir kritisk om skeivheita i velstandsfordelinga. Men, til liks med det store fleirtalet blant dei som har lete seg intervjuar som har låg utdanning og relativt sett låg inntekt, verkar Inger leva greitt med andre sin rikdom og at andre har eit langt høgare velstandsnivå enn ho sjølv. På nokre område

verkar ho vera nøgd med eigen posisjon og eigne moglegheiter. Måten ho omtalar opplevingar av endringar i reinhaldaryrket er talande. Som reinhaldar gjennom 35 år har Inger opplevd endringar i yrket, både når det gjeld kva dei vaskar, kor mykje dei skal rekkja over i løpet av kva tidsrom, kva hjelpemiddel dei har tilgjengeleg, og når det gjeld reinhaldarane sin status på hennar konkrete arbeidsplass (ho vaskar på ein skule). Status i denne samanheng er forstått som korleis yrket og representantar for det vert sett på av dei andre tilsette. Inger fortel at ho er nøgd med at lærarane og rektor ved skulen ho vaskar ved i dag reknar reinhaldarane som ein del av staben.

Eg hugsar med ein gong eg byrja, så var dei veldig ... dei eldre lærarane, veldig ovanfrå og ned. (...) Og til og med han rektoren (...) han såg gjennom deg og gjekk forbi.

Ho er nøgd med at ho i dag kan innta lunsjen på eit felles personalrom, samanlikna med tidlegare då ho og reinhaldarkollegaene hennar sat i trapper eller andre stader, medan lærarane åt på «lærarværelset». Tidlegare var hennar yrkesgruppe altså ikkje medrekna det ordinære personalet.

Måten Inger talar om opplevinga av endringar i reinhaldaryrket sin status, kan med sosiologisk omgrepsbruk forståast som at Inger har internalisert, eller kroppsleggjort, sine (eller gruppa sine) avgrensingar. Gjennom Pierre Bourdieu sitt omgrep *habitus* – som er dei

væremåtane som tillèt menneske å handla, tenkja og orientera seg i den sosiale verda⁶, det vi er tilbøyelege til gjennom vår historie – så kan ein forstå Inger sine utsegn som at ho aktar det som er innan hennar eigen rekkjevidde, ikkje det som er utanfor. Ytringane om arbeidslivshistoria hennar kan tolkast som manifesteringar av hennar måte å tilpassa seg sitt moglegheitsrom. Ho uttrykker låge forventningar til kva det er mogleg og tenkjeleg å be om, med referanse til t.d. arbeidstid, lønn, hjelpemiddel, fritid, respekt. Ho verkar takksam overfor å bli inkludert heller enn opprørsk overfor å bli ekskludert.

Når vi snakkar om endringar i by og daglegliv kjem Inger inn på det ho kallar jaget etter yrkesstatus og suksess i arbeidslivet. Det å samla familien til middag er noko både Inger og mor hennar igjen både har praktisert og vektlagt, og som Inger brukar som eit slags mål på om ein evner å prioritera familie. Ikkje alle har tid til å innta måltider saman med heile familien til stades i dag «i den her travle tida», seier ho, og stiller spørsmål om enkelte rett og slett burde tenkt seg om to gonger før dei fekk born, når dei gjennomgåande nedprioriterer dei i plassen for karriere og travle liv. «Eg trur det er betre at ein (har) mor og far som er til stades, som ikkje spring på 50 000 møter, sant?».

Mor mi ville vi skulle sitja og ha middag saman. Eg trur det er viktig, det. Å sitta og snakka om kva du har gjort og ... ha liksom den der konversasjonen

over ... eg trur den er viktig. Så akkurat det ... det er ikkje sikkert alle har det. I den her travle tida. For eg synes det, når du høyrer om det og ... i alle fall sånne politikarar, så er dei i dét møtet og dét, altså «Kvifor har du fått barn, då»? For dei ser jo ikkje mykje desse foreldra.

Inger liknar slik andre frå lågløna arbeidarklasseposisjonar gjennom at ho kritiserer på moralsk grunnlag personar som prioriterer karriere over familielivet.⁷ På same måte som for kvinnene i May-Lin Skilbrei sin studie⁸, som er reinhaldarar og daglegvaretilsette, finn Inger meining og vyrndnad i familielivet, og ikkje primært gjennom arbeidet sitt. Dette er òg ei forteljing om fortida sett gjennom notidas briller, men Inger si arbeidslivsforteljing er ikkje frå innsida av oljeverksemda, men snarare frå dei lågare sosiale lag, den er ikkje prega av medverknad og nærleik til avgjerdstakarar, men heller ikkje av opposisjon og kritikk «nedanfrå».

Både Inger og Dag sine erfaringar med velstandsveksten og det lokale arbeidslivet, er representert i etterkrigsgenerasjonen, generasjonen ein gjerne reknar for å sitja godt i det i dag og som i tida for undersøkinga budde i den mest velståande byen i eit av verdas rikaste land. Begge har dei hatt sine formande år og sine arbeidslivshistorier i Stavanger, men dei skil seg likevel tydeleg frå kvarandre når det gjeld sosial posisjon, inntekt- og utdanningsnivå som det skin klårt fram har vore med å forma

deira erfaringar og blikk på verda. I den samla forteljinga om denne tida i Stavanger si historie, så har Dag si forteljing, vil eg påstå, langt større plass enn Inger si.

Vi rører oss vidare til generasjonen som i alder kunne vore etterkrigsgenerasjonen sine born; oljeborna (i denne samanheng fødd mellom 1975-80).

Ellinor

Ellinor er fødd i 1976, er gift og har ein gut. Ho veks opp på Grødem, ein av utkantbydelane i

Stavanger, med foreldre og to søstres. Foreldra har ikkje høgare utdanning, far arbeider innan reiarneringa og mor i helsesektoren. Sjølv har Ellinor ein bachelorgrad innan samfunnsvitskaplege fag og jobbar som kulturarbeidar i offentleg sektor. Ho trivst godt med jobben sin. Mannen hennar arbeider som miljøarbeidar, han òg med 3 års utdanning. Begge av familien sine inntekter kjem slik frå offentleg sektor.

Ellinor fortel om ein oppvekst der ho ikkje mangla nokon ting. Om ei mor som jobba redusert og



Høy restauranttetthet på Skagen i Stavanger. Foto: Kristin Øye Gjerde

tok seg av borna, og om ein far som jobba fulltid. Ho har budd to år utanfor Stavanger, men ville raskt heim for å vera tettare på familien og byen, som ho sjølv omtalar som ein stor og sentral del av identiteten og personlegdomen sin. Ellinor er veldig oppteken av kultur, ytrar ho, og ho uttalar seg bortimot gjennomgåande positivt om kulturlivet i byen. Einaste er at her er for mykje surmuling og skadefryd i byens kulturliv. Ho snakkar om olja som ei næring som har bidrege til høge lønningar, høge bustadprisar og rause kulturbudsjett, men tenkjer ikkje vidare over at velstandsniivået er høgt.

(...) og det er ikkje nødvendigvis fordi eg har vekse opp i ein heim kor det har vore så mykje velstand, eg har berre aldri følt at eg har mangla noko. Og det føler eg framleis ikkje at vi gjer. (...) For meg så har det liksom alltid vore velstand og olje. Eg er jo ikkje...eg er fødd i -76. Så for meg så har eg aldri følt at vi mangla noko. Så eg veit ikkje...[humrer] eg veit ikkje kva det var før olja. Og eg veit berre at...nei, at vi har det veldig godt her.

Når Ellinor får spørsmål om ho opplever at foreldra hennar og ho sjølv tenkjer ulikt om velstand og materielle forhold, svarar ho:

Vi tenkjer annleis på smak, interiør, vi...min generasjon, vi er jo veldig mykje bruk og kast. Det merker eg meg...altså dette er min tredje sofa for eksempel. Medan mamma og dei kjøper noko for at det skal vara. Altså dei kjøper ein sofa som dei skal

ha kanskje i 15–20 år, medan vi har ingen problem med å bruka og kasta og flytta og...no når vi bygde hus, så var dei (foreldra hennar) veldig sann: 'ja, i byrjinga så må de kanskje...når vi (foreldra sjølv) bygde hus så arva vi noko. Det er jo berre i ein mellomperiode sant, at du kan ha mitt spisebord og så kjøper eg nytt og så kjøper du når de har råd til det, når de har spart opp'. Og det, for meg var det heilt utenkeleg, for eg treng jo ikkje det. For der er jo ordningar i hytt og pi... altså det er jo ikkje noko problem i dag å få det du vil ha.

Ellinor avviste foreldra sitt forsøk på å hjelpa til økonomisk materielt i ein overgangsfase, som det å flytta inn i ny bustad er for foreldra. Foreldra til Ellinor tilbydde seg å låna vekk spisebordet sitt til Ellinor og mannen, til dei hadde spart opp nok pengar til eit nytt. Dette trengde ikkje Ellinor fordi «det er ikkje noko problem i dag å få det ein vil ha». Det fins ordningar i hytt og pine, seier ho, og vi skjønar at ho snakkar om ulike typar lån, som er enkle å få, og som gjer at ein «slepp å venta».

Ellinor høyrer og veit om at foreldra kjem frå ei anna tid, og samanlikna med dei, vert dei sjølv ein bruk-og-kast-generasjon. Ein bortskjemt generasjon, som nokre av dei sjølv seier. Generasjonen som ikkje manglar noko. Materiell naud er framand for Ellinor. Dette illustrerer at det Harriet Bjerrum Nielsen og Monica Rudberg kallar velstandens sjølvfølgje¹⁰ gjeld som ei generasjonsspesifikk erfaring for oljeborna som gruppe, noko som skil dei

frå etterkrigsgenerasjonen. Men òg i denne alderskohorten er det forskjellar i velstandsnivå.

Eg spør Ellinor korleis ho trur det er å vera fattig i denne byen.

Ellinor: Ja, eg har lurt på det (...). Vi har to kommunale stillingar, både eg og min mann, så vi har jo ikkje mykje. Men eg føler meg ikkje fattig (...). Eg føler meg gjennomsnittleg, når eg ser på dei som eg har rundt meg, sjølv om nokre er aleinemødrer, så reiser dei jo til Syden om sommaren. Så eg klarar ikkje å sjå kven som er dei der verkeleg fattige. Eg snakka med mor mi førre veke (...) ho jobbar på helsestasjon, og då sa ho at: 'Ja, vi har familiar som kjem – altså innvandrarfamiliar kor ungane ikkje har leiker. Så når dei kjem på helsestasjonen, så kjem dei bevisst ein halvtime før (for) at ungane skal få leika.' Og for meg, så er det vanskelig å forstå at det er ... at nokon er så fattige.

For Ellinor synast fattigdom å fly under radaren, noko den gjer for veldig mange av informantane i studien. Det er lang sosial avstand mellom Ellinor og fattigdom og naud (og kanskje endå lenger avstand i hennar oppleving av avstanden enn den reelle avstanden). Ho veit at den er der, og høyrer kva mora fortel, men seier samstundes at ho ikkje «klarar» å sjå den. Fattigdommen er nesten utanfor hennar førestillingshorisont. Dette gjeld mange av dei som har lete seg intervju, både dei med relativt sett høg og låg inntekt.¹¹ Det at det er få blant dei intervju sine vennskaps- og

kjenningsskretsar som kan karakteriserast som fattige, gitt at utvalet er sett saman for best mogleg å spegla befolkninga i byen, vitnar om eit høgt generelt velstandsnivå, men kan òg vitna om at mange fattige lev sosialt fråskild frå «normalsamfunnet». Fattigdom synast i alle høve som noko Ellinor sosialt og medvitsmessig ikkje er tvungen til å ta innover seg.

Sjur, frå same generasjon som Ellinor, er siste personen som skal presenterast.

Sjur

Sjur er fødd og oppvaksen i Stavanger mot slutten av 1970-åra. Han har høgare utdanning innan humaniora og arbeider som lærar. Han er gift og har ei jente på 10 år. Saman bur familien i eit rekkehus i Bekkefare, nokre få kilometer frå sentrum av Stavanger. Foreldra til Sjur har begge høgare utdanning. Far hans har arbeidd store delar av sitt yrkesliv i ei oljerelatert bedrift, og Sjur definerer seg på mange måtar i opposisjon til foreldra sine. Han ytrar seg kritisk til oljeverksemda, til at oljenæringa skapar materialisme, og trass i at han sjølv ikkje har erfart Stavanger før oljetida, seier han at med den forståinga han har av eit hypotetisk tenkt før-olje-Stavanger: «Så likar eg nok kanskje det betre enn eg likar det nyrike Stavanger». Synet på faren sin jobb, selskapet han jobbar i og oljeverksemda generelt, endra seg for Sjur då han vart vaksen: «Så blir du eldre og så skjønar du at det ikkje er så bra likevel fordi næringa sannsynligvis øydelegg

jordkloden». Nedanfor innleier Sjur med å snakka om Statoil og klimaspørsmål, før han går over til materialisme, nyriktom og egoisme.

(Statoil) er jo med på...sannsynlegvis øydelegga jordkloden, då (...). Det er jo skitten energi vi snakkar om her. (...) Det er Stavangers store løgn, det, liksom at det handlar ikkje om oss, den forureininga. Men...korleis eg ser på olje-folk generelt? Ja...du ser køen på motorvegen og du ser...material...det er vanskeleg å seia noko om olja, men om du ser materialismen, då, som veks fram, så er jo ikkje eg nokon tilhengar av den. Nei, eg er ikkje det. Eg synes det er kvalmt. Det er nyrikt. Og det er ein Høgre-by dette her. Og folk er veldig ego.

Han ytrar seg kritisk om forbruk og materialisme generelt, om petroleumsindustrien og om «oljefolk». Han meiner at forbruket har løypt løpsk. For å illustrera det løpske forbruket nemner Sjur personar som kjøper seg sykkel til 40.000 kroner for å delta på sykkelmeisterskapet «Nordsjørittet» som går ein gong i året. Og som etter å deltatt i løpet legg ut sykkelen for sal til halv pris. «Det er jo ikkje normalt å kjøpa sykklar til 40.000. Altså, det er jo ikkje det». Heller ikkje å vera nøgd med eit så stort økonomisk tap for ein gongs bruk. Eit anna døme på Sjur sin kritikk mot ein sterk allstadnærverande forbrukskultur, er ytringar om kjøpesenteret Kvadrat (det 4. største kjøpesenteret i Noreg med om lag 160

butikkar). «Kvadrat er jo...Kva skal eg seia om Kvadrat. Det er ein fæl stad altså. Verkeleg fråtsing, altså. Grådige blikk». Rikdom og grådighet er adressaten for kritikken hans.

På spørsmål om kva han likar i folk, seier han at intelligens er viktig, høg utdanning og ei eller anna form for kulturell interesse. Det som er felles for dei han reknar som sine vennar er nettopp det ovannemnde, i tillegg til at dei er snille og på venstresida politisk. Han set kunnskap høgt, noko som skin gjennom når han snakkar om kva han ønskjer å gi vidare til dottera og i korleis han vurderer elevane på skulen han underviser ved. «Respekt for kunnskap», «ikkje synes at kunnskap er uinteressant eller flaut», å «læra kulturalar å kjenna», å «læra om europeisk kultur», er ord han nyttar og som har positiv valør for han.

I motsetnad til Ellinor har Sjur høgt utdanna foreldre, og han ytrar seg langt meir kritisk om



Gatekunst ved Tou Scene. Foto: Kristin Øye Gjerde

både kulturlivet, velstandsnivået og oljenæringa i byen og regionen. I likskap med Aslak Sira Myhre vart Sjur gradvis meir kritisk til oljeverksemda i løpet av oppveksten, og derav til faren sitt virke. Han er blant dei få av dei vi har intervjuet som ytrar seg såpass kritisk overfor rikdom, velstand og «dei rike». Om vi ser materialet under eitt, kjem denne kritikken bortimot utelukkande frå det ein kan kalla kulturfraksjonen, personar som har høg kulturell kapital (høg utdanning og kulturell livsorientering). Kritikken frå kulturfraksjonen handlar om materialisme, forbrukssamfunnet, kapitalisme, grådighet, pengestyrt byutvikling og at olja er for dominerande.

Velstandsvekstens ulike avtrykk

Frå presentasjonane av Dag, Inger, Ellinor og Sjur kjem det tydeleg fram at strukturane folk lev under gjer liva deira og oppfatningane deira forskjellige. Utover dei generasjonsspesifikke forskjellane som viser seg, som at velstandsauka har sett ulike avtrykk i etterkrigsgenerasjonen og i oljeborna, skin det klårt fram at opplevingar av og synspunkt på velstandsauken er knytt til kva sosiale lag enkeltpersonar høyrer til.

Etterkrigsgenerasjonen i utvalet, ein del av dei nokre kallar dessertgenerasjonen fordi dei kom til duk og dekkja bord etter at foreldra deira hadde bygd landet som det heiter, har *som gruppe*

opplevd større materielle endringar på kort tid, enn dei oljeborna har. Etterkrigsgenerasjonen var born etter andre verdskrig, dei var 10-15 år då velferdsstaten vert rekna for å vere realisert. Dei stifta familiar parallelt med at Stavanger byrja posisjonera seg som oljehovudstad, og dei var midt i arbeidslivet i 1980-åra som økonomisk sett innehaldt både opptur, jappetid og nedtur. Som Dag si historie viser, sjølv om hans sosiale posisjon ikkje er representativ for generasjonen som eit heile, har etterkrigsgenerasjonen i dag langt høgare levestandard enn dei hadde for 30 år sidan. Omveltinga Stavanger og omegn har opplevd frå ein næringslivsmessig fattig utpost i Dag sin barndom til eit kapitalsterkt høgteknologisk internasjonalt kompetansesentrum i dag – som er Dag sin måte å skildra arbeidslivsendinga på – har ført til at Dag har ein økonomisk handlefridom som vi kan anta låg langt utanfor hans førestellingshorisont då han var 30-åring i 1970-åra.

Samstundes viser historia til Inger at med større sosial avstand til oljeverksemda ser Stavanger si særegne utvikling annleis ut enn i Dag si forteljing. Når Inger fortel om si arbeidslivshistorie er den meir prega av strukturelle endringar utanfor hennar kontroll og desse sine føringar for hennar virke, enn av historier om eiga handlekraft og deltaking i



avgjerdsprosessar om byen sin vidare utvikling. I Inger si forteljing om Stavanger si nære historie er det generelt mindre snakk om Stavanger si fortreflelegheit.

Det som kjennemerkar oljeborna som gruppe er på den andre sida at dei har blitt fødte inn i ein etablert velferdsstat og til eit høgt nivå av velstand samla sett. Dei er fødd i ei veksttid, både lokalt og nasjonalt. Det var t.d. storstilt skuleutbygging gjennom 1970 og 80-åra, i overgangen til 1990-talet gjekk Ellinor og Sjur og generasjonen deira på ungdomsskulen. I dag, på 2010-talet, har mange av dei stifta familie og er i sin tidlege del av arbeidslivet (samanlikna med då besteforeldra nådde same alder hadde dei sannsynleg vore i arbeid i 20–25 år). Sjølv om etterkrigsgenerasjonen har hatt eit større økonomisk sprang, har den yngste generasjonen gjennom sine liv hatt gjennomsnittleg høgare materiell levestandard. Med unntak av dei siste to-tre åra (studien vart gjennomført før nedgangstidene på midten av 2010-talet), har oljeborna opplevd samfunnsmessig økonomisk optimisme bortimot heile livet. Sjølv om det openbart er interne variasjonar i velstandsnivå i denne generasjonen òg, har dei som gruppe hatt fråvær av økonomisk og materiell usikkerheit i langt større grad enn foreldregenerasjonen deira. Den eldste generasjonen har det slik først i seinare tid. Ein kan difor anta at eit høgare nivå av velstand vert tatt for gitt av Ellinor og Sjur sin generasjon, og at velstandens sjølvfølge⁹ er ei

generasjonsspesifikk erfaring dei deler som ikkje foreldregenerasjonen deira deler. Opplevinga oljeborna har av jamn velstandsvekst, kombinert med det å ha sett born til verda i ein rik by i eit rikt land, aktualiserer velstandsspørsmåla på andre måtar for dei enn for foreldra deira. Likevel, og trass i at Sjur på mange vis står i opposisjon til foreldra sin livsførsel og sine livsval, og trass i at Ellinor tenkjer hennar generasjon både brukar og kastar meir enn foreldra sin generasjon, stadfestar forteljingane til Ellinor og Sjur det Dag si forteljing viser, at det er få brot og markante endringar mellom etterkrigsgenerasjonen og oljeborna.

Samstundes er her òg blant oljeborna interne forskjellar i velstandsnivå, utdanningsnivå, inntekt, tilgang på makt, og derav i kva erfaringar som har forma deira oppfatningar av desse forholda. Ellinor og Sjur, som i denne teksten representerer oljeborna, er begge del av det vi kan kalla kulturfraksjonen gjennom at dei har høgare utdanning og kulturorienterte yrke. Likevel har dei ulike oppfatningar av både kulturlivet, velstand og rikdom, politikk og av byen dei bur i. Sjur har noko høgare utdanning og har fleire med høgare utdanning i sin omgangskrets, han er ikkje religiøs, og han uttalar seg kritisk til utviklinga i byen, til velstandsnivået og oljenæringa, og til materialisme generelt. Ellinor tek velstandsnivået i stor grad for gitt, stiller få kritiske spørsmål til samfunnsutviklinga og til byen sin, er praktiserande kristen og uttalar seg stort sett i

positive vendingar. Teksten illustrerer slik korleis folk sine sosiale og strukturelle posisjonar er med og formar deira opplevingar og oppfatningar og korleis ulike tidsperiodar set igjen ulike erfaringar i folk.

Referansar¹²

Bourdieu, P. (1995) *Distinksjonen – en sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Pax Forlag

Bjerrum Nielsen, H. og Rudberg, M. (2006) *Moderne jenter – Tre generasjoner på vei*. Universitetsforlaget

Frønes, I., Heggen, K. og Myklebust, J.O. (1997) *Livsløp: oppvekst, generasjon og sosial endring*. Universitetsforlaget

Gjerde, K.Ø. (2012) Oljeboom og pressproblemer, i Hamre, H. og Helle, K. (red.) *Stavanger bys historie. Bind 4: Oljebyen 1965-2010*. Wigestrang Forlag

Haaland, A. (2012) *Stavanger bys historie. Bind 3. Industribyen 1890-1965*. Wigestrang forlag

Jonvik, M. (2015a) *Folk om forskjellar mellom folk. Oppfatningar av kulturelle praksisar og sosiale hierarki, og deira sosiale tydingar*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Stavanger

Jonvik, M. (2015b) *Frå trøngt til travelt – to generasjonar fortel*. I Bergsgard, N.A. og Vassenden, A. *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Cappelen Damm Akademisk

Lamont, M. (1992) *Money, morals and manners. The Culture and the French and the American upper-middle class*. The University of Chigaco Press

Myhre, A.S. (2010) *Herskap og tjenere*.

Prieur, A. og Sestoft, C. (2006) *Pierre Bourdieu – en introduktion*. Hans Riesel

Skilbrei, M-L. (2003) *«Dette er jo bare en husmorjobb»:* *Ufaglærte kvinner i arbeidslivet, vol. 17*, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

Vassenden, A. og Jonvik, M. (2015) Synet på rikdommen og de rike, i Bergsgard, N.A. og Vassenden, A. *Hva har oljen gjort med oss? Økonomisk vekst og kulturell endring*. Cappelen Damm Akademisk

Noter

¹ Teksten bygg i hovudsak på doktorgradsavhandlinga Folk om forskjellar mellom folk (Jonvik 2015a), og kapittelet Frå trøngt til travelt – to generasjonar fortel (Jonvik 2015b). Her er òg omskrivne passasjar frå Synet på rikdommen og de rike (Vassenden og Jonvik 2015).

² 2010.

³ Sjå Bourdieu (1995) for utdjupingar av korleis sosial posisjon påverkar røyndomsoppfatningar (s. 217-248), og Lamont (1992) for utdjuping av korleis historiske kulturelle repertoar og strukturelle trekk ved samfunnet ein er ein del av påverkar kva oppfatningar som er tilgjengelege (s. 129-150).

⁴ Haaland 2012.

⁵ Gjerde 2012:205.

⁶ Prieur og Sestoft 2006, Bourdieu 1995.

⁷ Skilbrei 2003.

⁸ Ibid.

⁹ 2006.

¹⁰ Bjerrum & Rudberg 1997

¹¹ Sjå Vassenden og Jonvik 2015: Synet på rikdommen og de rike for analysar av ulike sosiale grupper sine syn på den lokale rikdommen og fattigdommen.

¹² Takk til Hilmar Rommetvedt for kommentarar på tidlegare versjonar av teksten.